

Hei!

Viser til brev frå Statens vegvesen vedrørende Sykkelby Straume, der det kjem fram at Statens vegvesen ikkje vil yte økonomisk tilskot i 2020 eller i åra framover. Dette brevet er vedlagt.

Øygarden kommune har gjennom arbeidsmøtene i 2019 med fylket og stat, etterspurt avklaringar knytt til vidareføring av Sykkelbyavtalen. Tilbakemeldingane har heile tida vore, frå begge partar, at avtalen er signert og gjeld for fire år, altså til 2021. Vi har i 2020 vore i dialog med partane om utbetaling og har fått tydelege signal om at faktura skal sendast ut med krav om utbetaling i samsvar med avtalen. Informasjonen som kjem i brevet seint 2020 er ny informasjon, og problematisk då kommunen gjennom året har sine løpande kostnadar knytt til arbeid med sykkelbyen og økonomisk tilskot jf avtale er lagt til grunn for arbeidet. Tilskotet i 2020 ville vore i størrelses orden 200.000-500.000,- der 70 % er stillingsmidlar og 30 % er tiltaksmidlar.

Ber om at Vestland fylkeskommune tar med seg Øygarden kommune sine innspel vidare.

Med venleg helsing



Råmund Skjold
Kommunalsjef kultur og samfunn
+47 41 36 91 87
www.oygarden.kommune.no



Statens vegvesen

ØYGARDEN KOMMUNE
Ternholmvegen 2
5337 RONG

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:
20/182762-4

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.10.2020

Økonomisk tilskot i samband med sykkelbyavtalar – Øygarden kommune

Viser til sykkelbyavtalane for «regionsenteret Straume (Fjell kommune)», inngått med Fjell kommune og Hordaland fylkeskommune 15. mars 2018. Avtalen går ut ved årsslutt 2021.

Avtalen er ein av fleire liknande sykkelbyavtalar Statens vegvesen har inngått dei seinaste åra for å bidra til auka sykkelbruk og betra tryggleik for syklistar. Avtalane har vore noko ulikt utforma og tilpassa dei respektive prosjekta, men felles for dei er at vegvesenet har bidrege med ressursar og, i nokre tilfelle, i form av økonomiske tilskot. I samband med ny organisering frå 1.1.2020 er det derimot ikkje lenger aktuelt å yte slike tilskot.

Med heimel i avtalen, der det under avsnittet om økonomi står at «*avtalen er avhengig av årlege budsjettvedtak hjå partane*», gjer vi difor merksam på at Statens vegvesen ikkje vil yte økonomisk støtte i år, eller eventuelt kommande år. Vi vil derimot framleis bidra med ressursar som skildra i avtalen: «*Partane stiller opp med naudsynte fagfolk og ressursar for å gjennomføra prosjektet slik at måla vert nådd*».

Divisjon for Transport og samfunn
Med helsing

Tone Margrethe Oppedal
avdelingsdirektør

Sindre Lillebø
seksjonsleiar

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.